

Kvar går norrønfilologien?

Tankar om metode og retning etter lesing av

Mikael Males. *Den äldsta fornnordiska litteraturen. Nya vetenskapliga rön.* Dialogos, Stockholm, 2024. ISBN 9789175044347. 248 sider.

RECENSIONSARTIKEL AV ELДАР HEIDE

1. Innleiing

Denne boka er ei spennande reise langs fronten av forskinga på den eldste gammalnordiske diktinga, der det i seinare år er gjort store framsteg i datering og forståing. Boka formidlar og bygger på ein enorm kunnskap om norrøn dikting og språkhistorie. Det blir greidd ut om kjenningar, formelle dateringskriterium, versemål og metrisk analyse, og pløgd i djupna. Vi får veta at den og den typen kjenning er brukt så og så mange gonger i materialet, i periode så og så, og i den og den strofa. Data som dette blir skarpsynt sette saman med andre poeng om innhald og kulturkontakt, til syntesar som ofte verkar robuste.

Forfattaren brukar mykje plass på polemikk mot visse forskingsretningar. Han går hardt ut mot tendensen til å datere norrøne dikt seint, og meiner han heng saman med uvitskapleg metode. Som alternativ agiterer han for Karl Poppers hypotetisk-deduktive metode, og prøver å vise korleis den kan appliserast på temaet for boka.

Eg har sjeldan sett så harde spark i ein fagpublikasjon. Boka reiser såpass viktige spørsmål for heile norrønfilologien, om kvar vi står og kva vegar vi no kan ta, at eg har valt å skrive ei utvida bokmelding. Eg stør arbeidsmåttane Males går inn for, men meiner det ofte er misvisande å skildre dei

Heide, Eldar. 2025. Kvar går norrønfilologien? Tankar om metode og retning etter lesing av Mikael Males. *Den äldsta fornnordiska litteraturen. Nya vetenskapliga rön.* *Scripta Islandica* 76: 137–167. <https://doi.org/10.63092/scis.76.61139>
ISSN 0582-3234 (tryckt); ISSN 2001-9416 (digitalt)

© Eldar Heide (CC BY)

som hypotetisk-deduktiv metode. I staden meiner eg det overordna metode-prinsippet i våre fag bør vera å ta heile materialet med i vurderinga når vi utviklar teoriar. Dette gjer eg greie for med bakgrunn i ein del metodedøme, der ordboksarbeid står sentralt.

2. Oversikt over boka

Mikael Males ønsker å tilby ei innføring i tidleg gammalnordisk diktning som bygger på ny forskning og som legg fram metodikken i denne nye forskinga. Boka presenterer forskningsfronten når det gjeld metrisk analyse og datering ut frå språklege kriterium, konkretisert i tolkingsdøme. Samtidig skal eitt av kapitla (2) bote på mangelen på "en vetenskapligt godtagbar översikt över fornnordisk metrik" (s. 233, jf. 43). Sentralt i boka står agitasjon for meir vitskapleg metode i gransking av tidleg nordisk diktning, norrøn filologi og humaniora generelt.

Males freistar å "redogöra för alla metodologiska överbäganden och bevekelsegrunderna för varje ställningstagande" (s. 233), av fleire årsaker. Grunnsynet til Males er at forskning skal presenterast på denne måten, og han sjølv som student og doktorand sakna eit "verk som [...] förklarade tillgängliga metoder för studiet av den tidiga fornnordiska litteraturen" etter slike retningslinjer (s. 233). Han peikar òg på at det er meir nødvendig enn før å bygge grunnmur til resonnementa våre. Forfattarar kan ikkje lenger gå ut frå at lesarane har den nødvendige bakgrunnen (s. 238). Dei gamle filologiske disiplinane er i mange tilfelle nedlagde, og Males nemner spesielt at "de nödvändiga kunskaperna i metrik och relevanta aspekter av textkritik för närvarande inte lärs ut vid svenska universitet". Derfor er boka meint å gje "grundläggande redskap för självstudier" (s. 234–235, jf. 238).

Boka vender seg altså både til interesserte lekfolk og til studentar i norrøn filologi. Males definerer filologi som "studiet av texter på döda språk" (s. 15). Det spesielle med studiet av slike tekstar, peikar han på, er at dei ikkje utan vidare er forståelege, pga. den kulturelle avstanden (s. 17).

Den viktigaste bakgrunnen for boka, seier Males, er at dei siste 20 år har sett store framsteg i metrisk analyse og datering av norrøn diktning: Sievers analyse frå Sievers 1893 har "underkastats så omfattande prövning att dess huvuddrag idag är ställda bortom rimligt tvivel". Dermed er dei grunnleggande føresetnadene for å studere gammalnordisk diktning betre i dag enn for berre eit par tiår sidan. I tillegg har forskinga dei siste 20 år gått forbi

Sievers, slik at ein no studerer "både metriken och dess implikationer för dateringen med en precision som inte bara kan mäta sig med Sievers, utan är långt mer exakt och fortlöpande tillåter nya slutsatser" (s. 54).

Denne utviklinga har gått hand i hand med fornya vekt på språkhistorisk kunnskap i lesing av tidleg nordisk diktning, og på formelle dateringskriterium. Dette gjeld, vel å merke, forskingsretninga som Males representerer. Boka bygger på vitskaplege publikasjonar derifrå, ikkje minst frå Males sjølv. "Fältet är nu mer dynamiskt än det var under de föregående åttio till hundra åren", seier Males. (s. 54)

Boka er delt inn i åtte kapittel medrekna innleiing og sluttord. Dette er dei andre kapitla:

- "Filologi och vetenskaplig metod". Her skisserer Males sitt syn på kva som er målet med forskning og korleis filologisk forskning bør drivast, særleg innanfor tematikken han arbeider med. Han tek utgangspunkt i Karl Poppers hypotetisk-deduktive metode og appliserer den på utforskning av tidleg nordisk diktning. Formelle kriterium spelar ei nøkkelfølle i metodikken Males skisserer, særleg språkhistoriske kriterium, som *v-* bortfall i framlyd (*vreiðr* > *reiðr*), partikkelen *of / um* og hiatus (*éarn* > *járn*, *sæing* > *sæng*, osv.).
- "Fornnordisk metrik". Kapitlet presenterer systemet i metriken ifølgje den nyaste forskinga, med vekt på fornyrdslag, ljodahått, drottkvætt og kviduhått.
- "Vår första fullständiga strof: Teoderikstrofen". Males presenterer Teoderik-innskifta på Röksteinen, den tradisjonelle tolkinga og Bo Ralphs tolking frå Ralph 2007, før han viser at ho tørnar imot kunnskap om syntaks og metrikk. På grunn av dette avviser Males denne tolkinga.
- "Vår første skald: Brage". Males presenterer språket som særmerker skaldediktning og kva som skil Brage frå dei seinare skaldane når det gjeld språk og metrikk. Han går nærare inn på Gjevjun-strofa og strofene om Tor og Midgardsormen i *Ragnarsdråpa*, og viser korleis presis kunnskap om metrikk, etymologi og språkhistorie kan bringe oss nærare originalteksten og dei mest sannsynlege tolkingane.
- "Den höges tal (*Hávamål*)". Her viser Males korleis Müllenhoff (1891) si frisering av *Hávamål* har vore avgjerande for den seinare oppfatninga at diktet er eit konglomerat. Den argumenterer han imot. Han går gjennom språklege kriterium og innhaldskriterium som han meiner er eigna til datering: Brenning av avlidne i strofe 71 og 81, samhovet

mellom *deyr fê / deýja frændr* i *Håvamål* 76–77 og *Håkonarmål*, *Gjaltr* i strofe 129 i høve til irsk språk, og å ofre høveleg mykje i *Håvamål* 145.

- ”Völvans spådom (*Voluspå*)”. Her peikar Males på språklege kriterium som er eigna til datering, at Arnor jarleskald ser ut til å sitere *Voluspå* 57 på midten av 1060-talet, mogelege kristne innslag og spor av tysk påverknad. Han kjem med eit forslag om når og i kva miljø *Voluspå* vart dikta.

Når det gjeld resultat, vil eg dra fram følgjande hovudpunkt frå den granskinga Males gjer av dei nemnde dikta:

- Ikkje berre mange skaldedikt, men òg mange eddadikt, kan med høg sannsynlegheit daterast til førkristen tid, på grunnlag av metriske og språklege kriterium, og visse innhaldskriterium. At seinare diktarar lurar oss med å arkaisere språket, blir motsagt av data (s. 30, 149, 187). *Håvamål* daterer Males til 900–960 eller litt før (s. 161), og *Voluspå* til 975–995 (s. 229). Andre eddadikt meiner han er mykje yngre, m.a. *Det fyrste kvedet om Helge Hundingsbane* og *Hyndluljóð* frå 1100-talet; s. 117, 133).
- *Voluspå* vart dikta under Håkon jarl og urframført ved hirda hans, kanskje av Einar Skálaglam eller Eiliv Gudrunsson (s. 223–228).
- Den tidlege dateringa av mange skalde- og eddadikt, gjer at Males går imot skikken med å ”behandla [...] hela den fornnordiska litteraturen som ett enhetligt fenomen” (s. 10). Den førkristne litteraturen bør granskast for seg, seier han.
- ”[D]e äldsta dikterna förhåller sig till en levande mytologisk värld och [...] det [...] är först [...] senare som skaldediktningen mer blir en lek med ord än ett fönster till en samtida föreställningsvärld” (s. 123). Dei tidlege skaldane, særleg Brage, var nyskapande og frie, og laga kjenningar som ikkje høver inn i dei seinare sjablongane (s. 109).
- ”[D]rottkvätt [...] är den mest självständiga litterära innovation som Norden någonsin har frambringat” (s. 78). På 800-talet kjende folk i Norden seg ikkje underlegne, seier Males, og den perioden såg ei kulturell bløming som aldri heilt gjentok seg etter at vi fekk ei meir ”underdånig roll” i høve til dei store grannane i sør (s. 107). Gammalnordisk diktning oppstod i ein for det meste ”inhemsk”, sjølvstendig prosess (s. 78, 106).
- Skandinavane var opne for impulsar frå grannane, men innpassa dei i sin eigen kultur. Males argumenterer for at Midgardsormen er eit lån frå irsk tradisjon i vikingtida – og at irane i sin tur har han frå kulturar rundt Middelhavet via kristne tekstar (s. 126–139). *Gjaltr* (*Gjalti*) i

Hávamål 129 skal vera lånt frå irsk forteljetradisjon (s. 155–158); *Voluspå* skal ha fleire kristne innslag frå kristendomen (s. 196–214) og vera påverka av tysk dikting (s. 214–223).

- Det er lett å påvise kristne innslag i tidleg nordisk dikting, men dette inneber ikkje at dikta er kristne eller at dei er dikta av kristne. Males avviser oppdelinga i tekstar som er seine og kristne og tekstar som er tidlege og reint heidne. (s. 175–176, jf. 171 ff. og 196–214)
- Males meiner det går an å spora, i ganske stor detalj, vandring av motiv og ord mellom land og kulturar, og å koma langt i å prikke inn opphavet til visse dikt. Dette gjeld slike forslag som at *Voluspå* er påverka av tysk dikting, at Midgardsormen er lånt på 800-talet frå irsk tradisjon, som har han frå Middelhavslanda, og det svært presise forslaget om opphavet til *Voluspå*.
- Eddadikta hadde ikkje meir folkeleg basis enn skaldedikta (s. 143, 170, 223–224). Dei var enklare underhaldning enn skaldediktinga (s. 225), men alt tyder på at dei var ”kopplad[e] till krigareliten och miljön kring härskaren”, ikkje ”vanligt folk”. Dette går fram, meiner Males, av at krigarelitene viste til eddadikta ”i kungens eller jarlens hall”, og av at ”kopplingen till hovet [...] gjorde att den gamla diktningen traderades muntligen mellan 800- och 1200-talet”. Lovdikta til fyrstane vart skapte med eldre dikt som modell. ”Det finns inga tecken på att eddadiktningen skulle ha traderats på andra vägar bara för att slutligen hamna i samma isländska handskrifter som skaldediktningen.” (s. 224, jf. 139)
- *Hávamåls* ”oppbyggnad är konstfärdig och genomtänkt”; diktet er ikkje sett saman av fleire opphavleg uavhengige stykke (s. 144, 161–171).

Andre, mindre sentrale poeng: Males argumenterer for at hendingar skal forståast som ein type (postvokalisk) allitterasjon, ikkje rim (s. 75–78). Gjevjun-strofa i *Ragnarsdråpa* tyder på at hokjønnsordet *rauf* hadde ei tyding ”byte, rov” i tidleg norrønt (s. 110–111). I den fyrste Brage-strofa om fisketuren til Tor, er det sterke grunnar til å lesa *aldafaðs*, ”människornas härskares”, heller enn *aldaföðrs*, ”människornas faders” (s. 115–118).

3. Vitskapsteorien til Males

Males brukar mykje plass på å formulere ein vitskapsteori for humaniora og spesielt den typen forskning på gammalnordisk dikting som han er

talsmann for. Bakgrunnen er kva som er gjort og ikkje gjort fram til no med gammalnordisk diktning, og på kva måte det er gjort. Det forskingsprogrammet Males kjem fram til, har han utvikla i kontrast til dei forskingsretningane som har dominert inntil dei siste åra.

Males går sterkt inn for meir vitskapleg gransking av gammalnordisk litteratur, og med det meiner han hypotetisk-deduktiv metode (HDM) à la Karl Popper (1994 [1934]). Det er fordi "förläringar av icke uppenbara förhållanden strängt taget aldrig kan bevisas" (s. 18). Dermed blir oppgåva til forskaren "att uppställa välinformerade hypoteser och sedan försöka falsifiera dem tills de har genomgått så många prov att en tillfredsställande grad av sannolikhet är uppnådd" (s. 18).

Konkurrentane til HDM er berre to, seier Males: positivisme og relativisme / subjektivisme / postmodernisme (s. 19). Positivismen avviser Males, som Popper, fordi det er umogeleg å prove at noko er sant (s. 18–19). Relativisme / subjektivisme / postmodernisme avviser Males (s. 19–20, 24, 31) fordi denne modellen "inte kan prövas utifrån dess egna premisser. Om subjektet dikterar sin egen uppfattning om verkligheten kan den modell som förutsätter att så är fallet inte antas vara densamma från individ till individ". Skäl vi kunne tru at den relativistiske modellen er éin modell, så föreset det ein intersubjektivitet som modellen avviser. (s. 20)

Eit fundamentalt problem, seier Males, "är att det inom humaniora aldrig har rätt enighet om grundläggande vetenskapliga standarder" (s. 14). Derfor vil han "göra det som Popper aldrig gjorde och utvärdera hur en sannolikhetsbaserad kunskapsmodell [= HDM] kan tillämpas" i humaniora, og då særleg i den greina av filologien som han sjølv arbeider i (s. 25).

For å få til dette, tek Males (inspirert av Hirsch 1967) utgangspunkt i "tekstkritiken, vars uppgift är att försöka komma så nära författarens ursprungliga text som möjligt" (s. 25). Sentrale omgrep og spørsmål han går inn på, er:

- stemmatologisk metode,
- arketype,
- trivielle og signifikante variantar eller innovasjonar,
- trivialisering,
- språkhistoriske data,
- språklege dateringskriterium og datering basert på innhald,
- *lectio difficilior potior*, altså at "det är mer troligt att en skrivare skulle förenkla än försvåra en text", og
- "det vetenskapsteoretiska begreppet förklarande kraft." (s. 23–41, 66–67, 124–125)

Det siste forklarer Males slik: "Om en hypotes har stor forklarande kraft innebær det att den kan bestå mange prøvningar", t.d. "både språkhistoriska och textkritiska sådana." "Varje förhållande som en hypotes kan förklara ökar därmed dess sannolikhet, men det kräver också att den är enkel och inte särskilt anpassad för att förklara observationerna." (s. 66)

Her ser vi at "hypotesprøvning" står sentralt i forskingsidealet til Males. God forskning blir særmerkt av "prøvbarhet" (s. 11). Berre "prøvbar kunnskap" er kunnskap (s. 19, jf. 21, 35, 155, 118–129). Derfor skal hypotesar formulert slik at dei kan "prøvas" (s. 23, 40, 92–93, 237, m.m.). Vi finn former av verbet *prøva* og ord samansette med *prøv-* opp mot 100 gonger i boka.

Kriterium som skal fungere i "prøvning", må vera "specifika", seier Males vidare (s. 33, 35, 40, 147, 177, 184, 186, 237, m.m.). Med det meiner han 'særmerkt, spesiell, kompleks'. Vil ein t.d. argumentere for at eit motiv i eit dikt er lånt frå eit anna dikt, så må motivet vera spesifikt. Er motivet allment, vagt eller enkelt, slik at vi finn det i mengdevis av dikt i mange kulturar, så kan ikkje påstanden prøvast, og dermed vil ein ikkje klare å sannsynleggjera ideen (s. 186).

Her er òg "intersubjektiv prøvbarhet" eit nøkkelomgrep (s. 145, 177, jf. 20, 44). Males poengterer, med Popper, at "prøvning" er ein intersubjektiv prosess. Utlagt: Dersom berre du synest du har eit godt argument, så har du ikkje det.

Sentralt i det Males seier om "prøvning", står òg at dei delane av eit resonnement som ikkje er prøvbare, skal koma sist. Utgangspunktet må vera det som kan prøvast. Til dømes er oppfatningar om kva stil som var på moten i den eller den perioden, for subjektive til å danne grunnlaget for god datering (s. 38). I staden må vi freiste å "först datera och sedan dra slutsatser" om kva smak og stil som var på moten (s. 229, jf. 184).

Av idealet om prøving, følger at vi "måste [...] vara beredda på att ibland ha fel", peikar Males på. Vil ein unngå det, så må ein unngå å formulere hypotesar, eller berre formulere hypotesar som er så "vaga [...] att de inte kan prøvas". Men i så fall har ein ikkje gjort jobben sin som forskar. (s. 93)

Males poengterer at vi skal freiste å falsifisere ikkje berre andres, men også eigne hypotesar (s. 19). Her lever Males som han lærer: "I denna anda vill jag tillstå att jag själv i en publikation från år 2013 [Males 2013: 106–112] hävdade att stroferna om Oden i trädet [*Håvamål* 138–140] var diktade under 1100-talet, på grund av likheter mellan dem och [det kristna] korsfästelsemotivet" (s. 176). Det resonnementet har han no forlate, og meiner det er svært usannsynleg at *Håvamål* er frå 1100-talet (s. 176).

4. Kva vitskapssynet til Males er ein reaksjon mot

Det Males formulerer om metode, kan ikkje sjåast isolert. Det er eit oppgjer med forskingsretningar som har rådd frå midten av 1900-talet, særleg frå rundt 1970, og som ikkje for alvor er vortne utfordra før dei siste 10–20 åra, mest frontalt av den retninga Males representerer.

Males er særleg kritisk til ”tendens[en] att vilja datera fornnordiska dikter så sent som möjligt” (s. 31), som skaut fart rundt 1970 (s. 145, 153, 236). Sidan den gongen har ”den fornnordiska filologin upplevt en rörelse bort från prövning av hypoteser och mot forskarnas subjektiva upplevelser”, seier Males (s. 31).

Dette har særleg, meiner han, kome som ”en reaktion på missbruket av det germanska arvet före och under andra världskriget. Om texterna är yngre blir de mindre germanska och mer europeiska och kristna, och forskarna undviker därigenom att de själva och deras studieobjekt förknippas med tidigare ideologiskt missbruk.” (s. 31, jf. 146–147)

Forgrunnsfiguren i rørsla Males skildrar, var Klaus von See, som Males er svært kritisk til: Hans ”önskan att distansera sig från Tredje rikets förvanskningar av historien tycks runt år 1970 ha utvecklats till ren fanatism” (s. 236). Von See hade ein ”stark [...] tendens att läsa in kristna element i de tidiga dikterna” (s. 154), seier Males.

I kontrast til dette erklærer Males: ”Denna bok företräder [...] bara en enda ideologi: att sannolikhetsbedömning bör vara forskningens ständiga rättesnöre. Graden av kulturell renhet eller blandning skall inte förutsättas, utan undersökas”. Sanning må vera det overordna målet, og ”historien blir mer intellektuellt stimulerande om vi inte på förhand bestämmer vilka svar som kan godtas.” (s. 13)

Spesielt er Males kritisk til kolossen *Kommentar zu den Liedern der Edda* (1997–2019), som von See stod bak: I visse tilfelle har dette verket ein ”metodologi som får många konspirationsteorier att blekna” (s. 36). Når det gjeld datering, ”skapar [*Kommentar*] en hierarki av kriterier som är helt omvänd mot den vetenskapliga”, seier Males (s. 34, jf. 44, 147, 160, 192–193).

Han meiner fleire faktorar har støtta opp om forskingsretninga han kritiserer. Éin er at den gamle filologien vart fragmentert gjennom 1900-talet:

Lingvister fick ansvar för språkforskningen, men förväntades inte längre uppvisa någon nämnvärd kulturell förståelse [...]. Litteraturvetare, religionsvetare, historiker och andra [...] fick ansvar för texttolkning, men förväntades inte ha några djupare insikter i [...] den språkliga utformningen. [...] D]en holistiska filo-

logiska kompetens som krävs för att förstå och kontextualisera äldre texter blev allt ovanligare. (s. 32)

Dette forklarer, seier Males (med Lindblad 1977, 1980), at mange som arbejder med eldre litteraturhistorie, fyrst og fremst har litteraturvitskapleg bakgrunn og derfor ofte "saknar de metodologiska redskap" dei treng for å svara på spørsmåla dei stiller (s. 235). Noko av denne kritikken er retta mot forfattarane av *Kommentar*. Til dømes viser dei, ifølgje Males, "inga tecken på att förstå de metriskas omständigheter som avslöjar att *Völvans spådom* innehåller hiatusformer" (s. 193, jf. 44).

Fragmenteringsproblemet er vorte styrkt av "den relativistiska kunskapssyn som har vuxit sig stark genom postmodernismen" (altså på 1980–1990-talet), seier Males vidare (s. 31, jf. 19–20, 24). Dette kunnskapssynet står sterkt i litteraturvitskap, slik at "diskurser" der, ifølgje Males, "kan liknas vid en konversation i det belevade sällskapslivet, där elegans står högt i kurs men där förhållandet mellan yttranden och fakta är av underordnad vikt" (s. 18–19).

I tillegg har den nyfilologiske retninga spela ei rolle, meiner Males. Det har vore:

en generell tendens inom fornnordisk filologi att röra sig bort från vetenskaplig hypotesprövning. Sedan 1990-talet har forskare med sådana preferenser samlats under benämningen *nyfilologi* eller *materiell filologi*. Nyfilologer studerar hur texter kommer till fysiskt uttryck i enskilda handskrifter, men de har oftast ringa ambitioner om problemlösning. Nyfilologins fokus på handskriften och den tid då denna skapades, i stället för den tid då texterna i handskriften ursprungligen författades, har underblåst [...] tendensen att datera texter så sent som möjligt. Under mer än ett halvsekel har alltså den fornnordiska filologin upplevt en rörelse bort från prövning av hypoteser och mot forskarnas subjektiva upplevelser. (s. 31)

Males ser ut til å meine at denne typen tankegang er eit problem også i større delar av humaniora, når han nemner "många humanisters närmast outtömliga förråd av ursäkter för att inte förhålla sig till vetenskapliga principer" (s. 237). "[D]et teoribegrepp som används inom stora delar av dagens humaniora saknar relevans för kunskapsproduktion", hevdar han (s. 238).

Dette er eit syn Males har utvikla over tid: "I mitt eget fall tog det omkring femton år av studier och forskning innan jag på allvar började ana hur ovetenskaplig mycket av den humanistiska forskningsdiskursen är, och tio år till innan jag kände full tillit till mina observationer av detta sakernas tillstånd." (s. 238–239)

Males poengterer at det fanst spreidde, vitskaplege unntak (t.d. skryter han av Kuhn 1983: 84) gjennom det halve hundreåret som i hans framstilling var dominert av uvitskapleg forskning på norrøn dikting m.m. Men så, seier Males, har det i løpet av dei siste 10–20 åra kome *mange* granskingar av tidleg nordisk dikting som legg større vekt på kunnskapsproduksjon og vitskapleg metode, med eksplisitt formulering av metodologisk og teoretisk grunnlag. Kva forskarar som står bak denne dreinga, blir ikkje sagt klårt, men så vidt eg forstår, er det særleg Males sjølv, Klaus Johan Myrvoll og Haukur Þorgeirsson.

Males håpar at "denna utveckling på sikt [kan] leda till ett sundare forskningsklimat, mer orienterat mot kunskap om studieobjektet och metodologisk konsekvens, och mindre mot akademiska och politiska trender" (s. 239).

Men det er visst ei stund til vi er der. Dei seinare tiåra har det vorte ei "oppdelning", seier Males, i "två forskarläger, där somliga fokuserar på språket och prövar giltigheten i sina kriterier, medan andra fokuserar på innehållet [les: vage, subjektive kriterium] och överlag försummar prövning" (s. 186 / 33, jf. 40, 228).

Desse to skulane har i liten grad gått i debatt med kvarandre. "I stället har dialogen varit intern för de två perspektiven, så att de flesta forskare bara diskuterar med andra av "samma sort"" (s. 33). Men skal forskarkollektivet samla sett gjera framsteg, så krev det "att forskare faktiskt granskar varandras hypoteser" (s. 92).

Males ser von See-retninga som ei einaste stor avsporing. "[O]fta [är det] nödvändigt att förbise det senaste halvseklets forskning för att i stället ta vid där den konstruktiva forskningen upphörde" (s. 235, jf. 31–32). "[D]e senaste vetenskapligt relevanta rönen inom många aspekter av fornnordisk litteratur är mellan sjuttio och hundra år gamla" (s. 32). *Håvamål*-dateringa Males no har gjort, inneber såleis at diktet er "så gammal[t] som man tidigare trodde" – ikkje frå 1100-talet eller endå seinare, slik von See-retninga har hevda (s. 144–145).

Samtidig inneber den langvarige avsporinga for Males at det står eit ferdig dekt bord for forskarar med anna tilnærming. Det var avgrensa kva dei gamle forskarane rakk, så "Den fornnordiska litteraturen bjuder [...] på otaliga forskningsframsteg som bara väntar på att göras" (s. 32).

5. Mine tankar om resultat og metode i boka

5.1. Hypotetisk-deduktiv metode

Eg er grunnleggjande positiv til prosjektet Males er i gang med og til boka han har skrive. Meir fokus på metode i norrønfilologien vil heilt klart vera eit framsteg. Dateringsresultata Males legg fram, minskar kjeldeproblema i gransking av førkristen religion. Det er eg glad for, sidan eg jobbar mykje med slik tematikk. Eg meiner òg at sidan Males er ein forskar i toppklasse, er det all grunn til å granske nøye det han seier. Likevel har eg nokre merknader.

Den viktigaste gjeld Poppers hypotetisk-deduktive metode i humaniora. Så vidt eg forstår, har Males og eg omtrent same ideal for forskning i norrøn filologi og humaniora elles. Eg trur vi har om lag same oppfatning om kva studiar som er gode og kva studiar som ikkje er det. Men eg meiner metoden i mange gode studiar i våre fag ikkje rimeleg kan skildrast som hypotetisk-deduktiv metode, og at dette derfor er eit lite tenleg metodeideal.

I *ein* forstand driv *alle* med "prövning". Sjå på dette sitatet av Gro Steinsland, religionshistorikar med spesialisering i norrøn religion:

Min arbeidsmåte [...] er primært, i forlengelsen av kildekritikken og den filologiske analysen, som også må foretas av religionshistorikeren, å lete etter modeller eller mønstre i mytematerialet. Slik kan de enkelte kildene kjedes sammen til meningsfulle helheter. Det er når et mytemønster plutselig kommer til syne i sammenstillingen av flere tekster, at ting begynner å skje. Teksten "åpner" seg, begynner å tale. Man kan oppleve at mytenes bilder og symboler faller på plass innenfor meningsfulle helheter. Mener man å ha ringet inn et slikt helhetlig mønster, må man gå ut i et bredere kildemateriale for å se om den første antakelsen bærer. Får man sine antakelser bekreftet eller må hypotesen falle? Denne fasen i forskingsarbeidet er meget spennende. (Steinsland 2000: 17)

Her seier Steinsland at ho brukar HDM, berre med andre ord. Eg trur vi alle kjenner oss att. Men det er ein viktig skilnad frå realfaga, som Popper tenkte ut frå. Hos han ligg det i korta at hypotesen / teorien skal formulerast på grunnlag av dei dataa ein har i dag. Når ein så prøver hypotesen, er det mot *nye* data, som ein samlar inn i felt eller noterer i eksperiment. Det kan ikkje vera slik at før ein går i gang med å utleie hypotesen frå materialet, så legg ein til sides ein slump med data, slik at ein har noko å prøve han mot etterpå. Hypotesen kan ikkje prøvast mot data som låg på bordet i utgangspunktet. Dei skulle i så fall vore med i grunnlaget for hypotesen.

I den forskingsprosessen Steinsland skildrar, er det ingen nye data å prøve hypotesane mot. Alle data ho undersøker, låg på bordet frå før. Heile

materialet kan og bør vera brukt før, av andre forskarar, som byggesteinar i hypotesar og teorian som er alternativ til dei ho formulerer.

I den ferdige publikasjonen presenterer vi ofte opplysningane i anna rekkefølge enn vi gjekk gjennom dei i den prosessen Steinsland skildrar. Dette viser at skilnaden frå det Popper skisserte, er viktig. Fordi heile materialet var tilgjengeleg frå før, er det vilkårleg kva del av det vi tek til med. Somme kjem inn i temaet / materialet frå éin kant, andre frå ein annan kant. Ingen del av materialet er noko naturgjeve utgangspunkt, som skal gje grunnlaget for hypotesar som så skal prøvast mot resten av materialet. Heile materialet høyrer til før-prøvingsfasen hos Popper. Derfor kan vi setja stoffet i ei anna rekkefølge når vi har jobba oss gjennom det.

Det kunne vi ikkje gjort i Popper-modellen. Der må hypotesen formulerast på grunnlag av dataa som er kjende i utgangspunktet, og dei nye data vi prøver hypotesen mot, må koma etterpå.

I prosessen kan ein oppleve det som ein driv med HDM, jf. Steinsland-sitatet. Det er fordi det tek tid å få oversikt over materialet. Men metoden i den teksten vi publiserer, er det ofte urimeleg å kalle HDM. Gjer vi det likevel, inneber det ofte ein usann påstand om at visse delar av materialet har fundamentalt annan status enn andre delar. Kallar vi det HDM, så vil det oftast òg gjera at vi framstiller det som om vi gjekk gjennom data i anna rekkefølge enn vi gjorde.

Eg vil stille opp ordboksarbeid som føredøme, illustrert med ein tilfeldig artikkel frå *Ordbog over det norrøne prosasprog* i København. Då forskarane der skulle formulere ein definisjon av inkjekjønnsordet *níð*, så gjekk dei gjennom alle dei 39 prosabelegga og formulerte to tydingar på grunnlag av alle saman. Slik blir det presentert på nettsida (<https://onp.ku.dk/onp/onp.php?o56949>). Alle 39 belegga står der, og dei er sorterte under dei to tydingane.

Leksikografane hadde sikkert arbeidshypotesar under vegs, før dei hadde fått oversikt over materialet. Men det er ikkje så interessant for meg som lesar og brukar. Eg bryr meg om to ting: 1. Kva definisjonar dei kom fram til, og 2. at definisjonane bygger på heile materialet.

Eg trur alle meiner det er slik ordboksforskning bør fungere og slik ho bør presenterast. Eg trur ingen ønsker seg at det fyrst blir presentert ein hypotese basert på nokre belegg, som så blir prøvd mot fleire belegg, og så endå fleire, før det blir konkludert med at denne hypotesen har stått seg gjennom fleire rundar med prøving. Det einaste rimelege er å presentere kva ein er komen fram til etter å ha sett heile materialet i samanheng.

Eit tilsvarende ideal har vi i namnegransking. Eit døme kan vera *Helgey* / *Helgö* - / *Helgö*, som er nemnt ein del gonger i gammalnordiske tekstar

og i mange tilfelle kan vera frå førkristen tid. Då Karin Calissendorff i 1964 prøvde å finne ut kva føreleddet i namnet sikta til, såg ho ikkje berre på sitt heimlege, austsvenske område, men på heile det området ho hadde opplysningar om, nemleg heile Sverige, Noreg og Svensk-Finland. Same tilnærming finn vi t.d. i Gösta Holms gransking av namn på gammalnordisk (-)angr, t.d. *Hardanger* og *Lövånger*. Han la svært stor vekt på å få med alle namn som inneheld dette ordet i Norden (Holm 1991: 7–8).

I namnegransking er det vanskeleg å få konklusjonar aksepterte om dei ikkje bygger på dei aller fleste tilfella av namnet eller namneelementet ein granskar. Grunnen er faren for at tilfelle som ikkje er tekne med i vurderinga, skal motseia konklusjonen. Skulle slike motseiingar vera klåre, vil det vera rett å seia at dei falsifiserer konklusjonen.

Eg meiner den som daterer eddadikt i dag, er i ein liknande situasjon som leksikografane. Sannsynlegvis er alle relevante data og argument lagde fram på bordet, etter over 200 års forskning på norrøn dikting og norrønt språk. Det forskaren då skal gjera, er å gå gjennom heile materialet av tekstdata og argument og så formulere dei konklusjonane som blir minst motsagde av det. Han eller ho vil ha arbeidshypotesar undervegs, arbeidshypotesar som blir vraka eller styrkte. Men det det er interessant å publisere for forskarfellesskapen, er det ein kjem fram til – etter å ha vurdert *heile* materialet. Eit viktig poeng er at dersom ein gjer dette, så er det ikkje meir materiale å prøve teorien mot. Dermed blir HDM lite relevant.

Det er ikkje slik at berre ein studie brukar eit stort materiale, så er det HDM. Leksikografen arbeider på same måte som i *níð*-dømet også med verba *hafa*, *vera* og *taka*, som i prosa har 2478, 3407 og 4023 belegg (<https://onp.ku.dk/>).

Etter mitt syn, er problemet med dateringane i *Kommentar* ikkje at forfattarane ikkje har prøvd teoriane sine. Problemet er at dei har sett bort frå viktige delar av det materialet dei hadde, eller burde hatt, liggjande framføre seg på bordet. Det er som om leksikografane berre brydde seg om halvparten av dei 39 *níð*-belegga. Det er selektiv lesing, eller cherry-picking, som det ofte blir kalla i dag. Vi treng ikkje HDM for å vise at det er uheldig.

Mange har slutta seg til dateringane i *Kommentar*, trass i at dei bygger på veik metodikk. Liknande metodikk ligg til grunn for t.d. Richard Perkins sin teori om at drottkvætt oppstod som "rowing chants" (Perkins 1984–1985), og den teorien er møtt med den skepsisen han burde. Problemet er at teorien har grunnlag i ein svært liten del av materialet. Tek ein med heile det tidlege drottkvættkorpuset, så er det for mykje som ikkje høver med teorien.

Eg dreg fram leksikografien fordi prinsippet eg prøver å få fram, er lettast

å sjå der. Det er fordi det der er så klårt kva som er heile materialet, og at konklusjonane skal bygge på heile materialet. Definisjonane av *níð* i *Ordbog over det norrøne prosasprog* skal bygge på alle belegg for *níð* i norrøn prosa; definisjonane av verbet *reka* skal bygge på alle belegg for dette ordet, osb. Dette er ingen usamd i, og når det blir gjort slik, er materialet brukt opp.

Men det eg seier, gjeld berre dei tilfella der materialet er klårt avgrensa. Det er det ofte ikkje, heller ikkje i leksikografien. Til dømes *møndull*, ‘sveiv på handkvern’, er heimla berre éin gong, i poesi, og sikre på kva det tyder der, blir vi berre når vi dreg inn det som ser ut som same ord i seinare nordiske varietetar. Då er ikkje materialet tydeleg avgrensa. Samtidig blir det rimelegare å snakke om HDM, fordi det er eit kjernemateriale og eit støttemateriale. Då kan ein godt seia at hypotesar formulerte på grunnlag av kjernematerialet skal prøvast mot støttematerialet.

I namnegransking er det ofte vanskeleg å avgrense den gruppa av namn ein vil undersøke. Til dømes når det gjeld *Helgøy*, osb., får ein problem med halvemål, som er at ein *h* fremst i eit ord i mange nordiske varietetar kan falle bort eller bli lagd til. Dermed kan nokre *Helgøy*-namn vera falske, og andre kan ein gå glipp av, fordi *h*-en fremst i namnet er borte. Då er det med ein gong eit drøftingsspørsmål kva som er heile materialet, og prinsippet om at konklusjonar skal bygge på heile materialet, blir vanskelegare. Då blir det òg rimelegare å snakke om eit kjernematerialet og eit støttemateriale.

Eg meiner forskingstilfella vi står overfor i våre fag kan grupperast langs ein akse, der det i eine enden er opplagt og enkelt kva som er materialet og at teoriar skal bygge på heile dette materialet, slik at det ikkje er nokon rest å prøve teoriane imot.

I andre enden finn vi klåre HDM-tilfelle. Vi har det sjølvsagt i humaniora òg. Til dømes nemner Males (s. 24) at lingvistikken skaffar seg nye data ”genom upprepade vetenskapliga experiment”. Då brukar dei HDM, utan tvil. Ofte gjer arkeologane det òg; dei får heile tida inn nye data som kan avsanne eller korrigere rådande hypotesar. Det kan òg gje norrønfilologien nye data. I mange år var rådande syn hos oss at dei små kultbygningane i sogene (klårast *Eyrbyggja saga* 1935: 8) er kristne fantasiar frå høgmellomalderen, projiserte tilbake på førkristen tid (Olsen 1966, Düwel 1985). Dette synet heng saman med tendensen til sein datering som Males peikar på. Men dette vart det heilt urimeleg å hevde då arkeologane hadde funne mange slike bygningar frå førkristen tid (Kaliff og Mattes 2017). Eit anna døme finn vi i forskinga til Helge Ingstad. Hans funn av norrøne hustuffer på Newfoundland (Ingstad 1965) avliva den utbreidde skepsisen til Amerika-ferdene som Vinlands-sogene fortel om.

Dei fleste studiane finn vi mellom desse ytterpunkta. Dag Strömbäcks klassiske studie av *seiðr* (1935) ligg ganske nær ordboksenden av skalaen. Han går gjennom belegga for *seiðr* i norrøne tekstar og formulerer tydinga av ordet på grunnlag av dei. Else Mundals studie av fylgjemotiva i norrøn litteratur (1974) ligg òg ganske langt mot den enden av skalaen. Ho går gjennom alle belegga for ordet *fylgja* og seier kva ordet tydde på grunnlag av det. Men der er det tydelegare eit støttemateriale, nemleg belegga for dei orda som i større eller mindre grad blir brukte synonymt med *fylgja*, som *hamingja*, *bugr* og *dís*. Då er ikkje lenger avgrensinga av materialet like klår.

Litt lenger frå ordboksenden av skalaen vil eg plassere Preben Meulengracht Sørensens (1995) doktoravhandling om islendingsogene. Ëin grunn til at den er så god, meiner eg, er at ho i prinsippet bygger på heile korpuset av islendingsoger – sjølv om det i staden blir ein syntese, fordi korpuset i dette tilfellet er så stort at det er uråd å leggja heile fram i boka.

Terje Torgilstveits studie av historisk presens på norrønt er metodisk sett eit interessant tilfelle. Han påviste at historisk presens er knytt til punktuelle verb, som skildrar handlingar som er avslutta og derfor er fortidige sjølv om dei står i presens (Torgilstveit 2007). Dette gjorde han med å granske dei same tekstane som alle har hatt framføre seg i alle år. I desse tekstane såg han noko som ikkje var påvist før, altså noko nytt. Eg ser likevel ikkje dette som HDM. I prinsippet er det Torgilstveit gjorde meir på linje med leksikografen som definerte *níð*.

Min studie av *borg* ligg nærare HDM-enden av skalaen. Materialet eg særleg granska, var stadnamn på *borg*, med vekt på gamle slike namn (Heide 2025). Dette fann eg ferdig presentert i Rostvik 1967, slik Strömbäck og Mundal fann sine belegg i ordbøkene. Men landskapsbakgrunnen som eg undersøkte, var fyrst nyleg vorten tilgjengeleg gjennom digitale namnebasar kopla til zoombare kart, flyfoto, digitale landskapsmodellar og data om landheving. Dette var altså nye data som eg henta inn, data eg kunne prøve den etablerte, meir tekstbaserte oppfatninga av *borg* mot – og som eg meiner avsanna ho.

Min studie av *gandr* (Heide 2006) ligg òg over mot HDM-enden av skalaen, fordi eg dreg inn mykje støttemateriale. Kjernematerialet er *gandr* med avleiingar i mellomalder tekstane. Men i tillegg prøver eg å dra inn:

- stadnamn som inneheld ordet gand-,
- alle tydingar av gand- med avleiingar i seinare nordiske varietetar,
- liknande fenomen i samisk religion, som tradisjonen knyter gand til, og
- liknande fenomen i tradisjonar elles i Nord-Europa, ofte ikkje nedskrivne før i moderne tid.

Eg er samd med Males i at ein del gode studiar i norrøn filologi og tilgrensande fag kan skildrast som HDM. Men eg er usamd i at vi skal framstille HDM som metodestandard. Dei studiane eg meiner det er rimelegast å sjå som HDM, er dei som dreg inn mykje data frå utanfor dei norrøne tekstane.

Andre gode studiar ligg nær det leksikografane gjer, der alle meiner heile materialet skal takast med i vurderinga i utgangspunktet, og det derfor ikkje er meir å prøve teoriane mot etterpå. Når Males nemner at lingvistikken skaffar seg nye data, så er poenget hans at dette er eit unntak i humaniora. Modellen vi brukar for å skildre den gode forskinga, bør ikkje høve berre på spesielle tilfelle. Det vi formulerer som metodeprinsipp, skal helst vera gyldig for alle studiar.

Det eg meiner bør vera det overordna metodekravet i våre fag, er å *ta heile materialet med i vurderinga når vi formulerer teoriar*. Å prøve å ta med alt som kan seia noko om temaet vi jobbar med, er det beste vi kan gjera når vi ikkje kan skaffe nye data å prøve hypotesane mot. Vi bør ikkje vente til andre forskarar peikar på at hypotesen blir motsagd av andre delar av data enn vi har lagt vekt på.

Det som gjer at mesteparten av forskinga Males legg fram i boka, er god, er at ein har formulert teoriane på grunnlag av heile materialet som var tilgjengeleg og som dei fleste visste om, ikkje berre delar av det.

Eg kom fram til dette metodesynet då eg arbeidde med doktoravhandlinga mi om *gand(r)* (Heide 2006). Eg oppdaga at forskinga på temaet sprikte heilt utruleg, tydelegvis fordi forskarane hadde bygd på / lagt vekt på kvar sine delar av materialet: Den eller den norrøne tekststaden, latintekstar som nemnde *gand*, *gand* i seinare folketradisjon, *gand* i samisk tradisjon, eller stadnamn og etymologi. Eg kom fram til at det einaste som kunne nytte, ville vera å søke etter den forklaringsmodellen som kunne gjera greie for så mange former av *gand* som råd.

Å ta heile materialet med i vurderinga, opnar for å la dei ulike delane av materialet motseia teorien ein prøver å formulere. Dette kjem nær HDM, men er ikkje HDM. Det er fordi det fungerer også i den ideale ordboksenden av skalaen, der alt materiale er likeverdig og blir brukt opp i prosessen, slik at ingen ting av det kan brukast til å prøve teorien mot etter at han er formulert. Likevel: Dette er det allment brukelege prinsippet vi kjem nærast HDM med i humaniora. Mellom anna fungerer det like godt til reint litterære tolkingar, som Males meiner spesielt ofte er uvitskaplege (s. 18–19, 235), som til datering.

Kva skal så reknast med til materialet? Det finst ikkje noko enkelt, objektivt kriterium som kan fortelja oss det. Det vil variere med problemstillinga,

og det må avgjerast med skjøn. Likevel kan vi strekke oss mot dette som eit ideal, slik vi prøver å vera upartiske og ubundne av førehandsoppfatningane våre, sjølv om vi ikkje kan vera det (sjå nedanfor). Regelen bør vera: Er du i tvil om noko bør takast med, så ta det med.

Ei viss forskingsretning følgjer det motsette prinsippet: Dess strengare ein vrakar kjelder i utgangspunktet, dess pålitelegare blir resultatane. Tilhengarane ser dette som eit nøkternt, kritisk standpunkt. Problemet er at dess mindre materiale, dess færre teoriar blir motsagde av det. Det vi ofte ser i studiar baserte på dette kjeldesynet, er derfor radikal kjeldekritikk kombinert med fantasifulle tolkingar som er tynt underbygde.

Eit døme er Henrik Jansons (1998) teori om Adam av Bremens skildring av heiden kult i Uppsala på 1000-talet. Ifølgje Janson er skildringa i røynda ein satirisk allegori med brodd mot paven, som låg i konflikt med bispesetet til Adam, og templet i Uppsala er ein metafor for Lateranpalasset i Roma. Janson avviser altså Adam som kjelde til gammalnordisk religion. For å få til det, har han i utgangspunktet vraka ei mengd data om kultbygningar i Norden og om heiden religion i Uppland i den aktuelle perioden (Sundqvist 2016, Ljungqvist 2018).

I gand-studien min tenkje eg motsett av dette. Eg er sikker på 1. at eg på den måten kjem nærare sanninga om gand enn dei over 40 som har prøvd før meg, og 2. at det er fordi eg prøver å sjå heile materialet i samanheng. Kvaliteten på dei opplysningane som er nedskrivne veldig mykje seinare enn tida ein er ute etter, blir sjølvsagt lågare enn kvaliteten på det som ligg nærast i tid. Men dette blir meir enn vege opp av fordelene med at eit større materiale motseier fleire teoriar.

Tilsvarande meiner eg det er rett å ta med, når vi granskar Loke, tradisjonen om han som er nedskriven i moderne tid (Heide 2012b). Då får vi større materiale, og det er grunn til å tru av mykje av innhaldet er gammalt, m.a. fordi det har overlevd særleg i spesielt konservative regionar i Norden: Svensk-Finland, Dalarna, Telemark, Færøyane og Island. Ein ekstra grunn til å ta med dette materialet, er at det avvik mykje frå opplysningane vi får om Loke i dei norrøne tekstane. Normalt ser ein dette som eit argument *mot* å ta det med, men eg meiner vi bør tenkje omvendt. Avviket inneber at dette er Loke-tradisjonens *lectio difficilior*, som gjev oss eit eineståande høve til å bryte ut av førehandsoppfatningane våre. Vi bør føretrekke den forståingsmodellen som går i hop med både denne versjonen av Loke og den vi finn i dei norrøne tekstane.

Modellen som sant beskriv det vi generelt gjer i humaniora, meiner eg er hermeneutikk. Vi har ei førforståing, går til delar av data, får justert

forståinga, har ei ny førforståing når vi går til neste del av data, og likeins når vi seinare kjem att til fyrste del av data; då ser vi den i nytt lys. Slik går det til vi har jobba oss gjennom heile materialet (kanskje fleire gonger) og har gjort oss opp ei meining. I denne prosessen dannar vi mange hypotesar, som vi anten får styrkt eller må la falle, slik Steinsland skildrar.

Det som i praksis avgjer dommen over ein teori i våre fag, meiner eg er: Kva teori har støtte av flest og sterkast argument? Dette gjeld vel å merke tilfella der det er argument som avgjer, ikkje fordomar. Nedslåande ofte er det fordomar som avgjer. (Då blir det sagt sånt som: "Alle veit at det ikkje er sånn!", "Alle veit at det ikkje går an å bruke denne typen data!", "I vårt fag resonnerer vi ikkje på denne måten!", "Dette er sånt dei gjer i tilgrensande fag Xi!", osv.) I slike tilfelle, skilapptilfelle, hjelper det ikkje å insistere på metodeteori. Det einaste som då nyttar, er å vise at metoden eller resonnementet er fruktbare. Få hadde tru på tolkingane Helge Ingstad brukte då han ville finne spor av norrøne folk i Amerika. Skepsisen datt maktlaus i bakken då hustuftene vart funne.

I andre tilfelle kan metoden eller resonnementet gje resultat som nye teoriar kan byggast på – teoriar mange opplever som rimelege. Det er det Males dreg fram som "förklarande kraft". Metodar som gjev resultat med stor forklarande kraft, kan ikkje avvisast i lengda. Den typen språkleg-metrisk datering av norrøn dikting som Males er talsmann for, er eit godt døme på dette.

Her brukar eg "förklarande kraft" i vidare tyding enn Males gjer. For han er det knytt til det som "kan bestå många prövningar" (s. 66). Eg vil i tillegg bruke det om teoriar eller opplysningar som ikkje kan sannsynleggjerast på annan måte enn at det skaper meining i materialet vårt. Det er slik Jens Peter Schjødt foreslår å bruke komparativt materiale frå andre kulturar. Dersom vi kan "konstruere en spørgehorisont og derefter undersøge om ens materiale giver mening, hvis det anskues fra en sådan vinkel", så er dette fruktbart, seier Schjødt (2000: 38).

Eg er heilt samd i det Males seier om "[P]rincipen om det specifika och det vanliga" (s. 184). Det må alltid stå sentralt i våre fag. Eit problem er likevel at det kjem til å vera usemje om kva vi observerer. Lars Lönnroth ser i *Njålssoga* ei utvikling der "den hedniska etiken" "dominerar" i fyrste del av saga, men "trängs tillbaka" i andre del av saga, der kristendomen er komen til landet (Lönnroth 2008: 229). Sävborg (2014: 252) ser derimot at "Hämnddåden är [...] fler och blodigare i sagans andra, "kristna" del". Krav om vitenskapleg metode stoppar ikkje dårlege vurderingar av data og søkte lesingar. Berre generell intersubjektivitet gjer det – og kanskje eit sterkare

krav om at konklusjonar skal bygge på heile materialet, ikkje berre det som høver med hypotesen.

Eg kan knapt få fullrost det Males seier om å skifte meining når ein får nye opplysningar, og viljen han viser til å leva som han lærer på dette punktet. Hadde fleire hatt den innstillinga, ville vi hatt ein heilt annan og mykje meir konstruktiv dynamikk i forskarfellesskapen.¹

5.2. Mine tankar om resultat og metode elles

Generelt meiner eg Males går litt for høgt på banen. Smak på desse formuleringane:

- Det er eit krav at forskaren ”prövar sina hypoteser på ett [...] opartiskt sätt” (s. 12).
- Dersom vi skal ”uppnå vetenskaplig kunskap”, så skal vi ”närma oss studieobjektet [...] utan att låta oss påverkas av värdeomdömen” (s. 230).
- ”om *någon* politisk ideologi tillåts påverka forskningsrön försvagas dessas trovärdighet” (s. 13).

Dette er eit forenkla vitskapssyn. Ingen kan gjera noko som helst på ein upartisk måte, heilt utan å vera påverka av verdivurderingar eller ideologi. Førforståing, fordomar og verdiar har vi med oss anten vi vil eller ikkje, og det er vi avhengige av. Har vi det ikkje, så er vi som ein datamaskin utan operativsystem. Popper (2007: 56) seier dette slik at observasjonar ikkje er mogelege utan at ein fyrst har hypotesar eller forventningar. Det beste vi kan sikte på, er å *streve mot* upartisk framgangsmåte. (Det gjev eit heilt anna resultat enn om vi gjev blaffen.) Denne innsikta er kanskje det einaste verdi-fulle postmodernismen gav oss.

Mange vil nok òg oppfatte Males som arrogant. Éin ting er sterke ord, som eg har sitert ein del av. Ei anna sak er formuleringar som dette: ”Ralphs förslag [om Rökstenen] är ett gott exempel på hur viktigt det är att underkasta hypoteser vetenskaplig prövning” (s. 90). Eg trur problemet i studien til Ralph var at Ralph ikkje undersøkte heile biletet før han konkluderte. Det har han nok tenkt at han gjorde. Dermed tippar eg Ralph kan oppleve uttrykksmåten til Males som arrogant.

Er arroganse måten å omvende folk på? Eller siktar Males mot å få med

¹ Eg prøver òg å leva etter dette idealet. Mellom anna i Heide 2008 (s. 24, fotnote) og 2015 dementerer eg tidlegare standpunkt. Men eg er heilt sikkert ikkje sjølvkritisk nok.

seg tredjepart, med å henge bjølla på katten? I så fall: unge norrønfilologar? (Han får nok med seg dei fleste av lekfolka som les boka, men eg er usikker på kor mange det er. Metrikkapitlet er uungåeleg tungt, som Males er klar over, men det er òg andre bolkar som krev mykje av lesaren.) Kva med dei forfattarane av *Kommentar* som framleis lever – blir dei meir eller mindre innstilte på å skifte syn etter å ha lese boka til Males?

Høgt på banen går Males òg ein del gonger i presentasjonen av eigne resultat. Til dømes seier han at namnet *Alfǫðir* på Odin "är kristet och helt präglat av kristna föreställningar" (s. 118, jf. *aldafǫðs* ovanfor). Ja, *sannsynlegvis*. Males framstiller det som sikkert. "För att analysera texterna i sitt rätta sammanhang krävs en pålitlig datering", seier han (baksideteksten). Påliteleg datering av dikta Males drøftar, er neppe mogeleg. Det vi kan strekke oss etter, er den som er mest sannsynleg. Kor sikkert er det at *Voluspå* er dikta mellom 975 og 995 hos Håkon jarl i Trøndelag? Sjølv om det er ein spennande tanke, er det veldig usikkert. Det kjem ikkje godt nok fram, og slik er det i mange tilfelle.

Andre døme er ideen om tysk påverknad på *Voluspå* og forslaget om at Midgardsormen på 800-talet vart lånt frå irsk tradisjon, som skal ha han frå kristne tekstar i Middelhavslända. Dette blir framstilt som ganske sikkert (s. 139, 225), men er vel langtfrå det. Til Midgardsorm-teorien kan det nemnast reine innvendingar. Så vidt eg kan sjå av framstillinga hos Males, er det viktige avvik mellom ormane. Den nordiske blir framstilt som eit band, snøre, tau som held verda saman (Meulengracht Sørensen 1986: 271–272, og *Voluspå* 60). Dette er eit grunnleggjande trekk ved han, men eg finn det ikkje att i dei to andre.

Den viktigaste grunnen til at eg er skeptisk til desse teoriane, er at det er svært vanskeleg å påvise vandring av motiv og førestillingar – med retning! – mellom land og kulturar i gammal tid, basert på nokre få, spreidde opplysningar i tekstar. Dette var prosjektet til folkloristikkfaget gjennom fyrste halvdel av 1900-talet (den historisk-geografiske metoden, t.d. Aarne 1910, Krohn og Krohn 1926, Thompson 1932–1936). Få trur på det i dag, og det er det gode grunnar til. Det var overmodig.

Teoriane om kvar idear har oppstått og kva vegar dei har vandra i fjern fortid, blir nesten alltid så usikre at dei har liten verdi. Årsaka er at av førestillingane som fanst i gammal tid, er det berre glimt her og der som er fanga opp i skrift. Frå austersjøfinsk område er det nedskrive mellom fire og seks millionar strofer i kalevalaversemål (opplysning Kati Kallio 29. 9. 2025); der har det vore ein eineståande kultur for å ta vare på gammal folkedikting. Vi kan òg samanlikne med mengda av folkeviser som er nedskrivne i Skandi-

navia frå 1500-talet og framover. Berre i *Danmarks gamle Folkeviser* er det publisert 539 viser med variantar (Grundtvig og Olrik 1853–1865). På bakgrunn av dette, er det t.d. ikkje rimeleg å tru at ein stor del av eddadikta som eksisterte i vikingtida, har nådd oss.

Det aller, aller meste av kulturuttrykka som fanst i gammal tid, ligg i mørker. At vi finn eit motiv i urkristne tekstar frå Middelhavs-landa og frå Irland og Vest-Norden i visse periodar, viser ikkje at desse førestillingane ikkje òg fanst på vestgermansk, slavisk eller finsk-ugrisk område. Alt vi veit, er at motivet ikkje er heimla derifrå, og grunnen til det kan vera korleis skriftkulturen utvikla seg i dei områda. Det aller meste av førestillingar fanst truleg i store, samanhengande område, men er heimla berre her eller der, eller kanskje berre éin stad. Utbreiingsbiletet vi får av tekstane, kan vera fullstendig misvisande.

Problemet med optimismen til Males når det gjeld å spora motivvandring i gammal tid, blir forsterka av at han har ei noko snever oppfatning av kva vandringsvegar som er rimelege. Han poengterer at vikingtida var "en starkt "internasjonell" period i Nordens historia" med god kontakt med nabofolka (s. 214, jf. 126 ff.). Men naboane han nemner, er berre "det tysk-romerska kejsardömet, England och Irland" (s. 214, jf. 107).

Kva med nabofolka i nord og aust? At folk i Norden hadde god kontakt den vegen, ser vi tydeleg av norrøn litteratur, og vi ser det endå tydelegare av det arkeologiske materialet. Dette er eit faktum som burde vera svært viktig når ein prøver å spora korleis motiv har vandra, så kvifor tenkjer ikkje Males på det?

Eg trur det er fordi han er offer for den perspektivdreininga han kritiserer von See og co. for. Males peikar på at tendensen til å datere norrøne dikt seint, er spesielt sterk frå rundt 1970, og han ser nazistisk misbruk av norrøn litteratur som hovudgrunnen, og nyfilologien frå 1990-talet av som kulminasjonen. Eg er ikkje usamd i dette. Men eg meiner denne tendensen var ein del av ein større trend, som hadde meir vidtrekkande følgjer enn Males nemner.

Litt forenkla består norrøn litteratur av to komponentar: heimleg arv og innlånte element. Brøken mellom dei varierer enormt mellom sjangrane. I tidlege skaldedikt og eddadikt er det lite innlån å finne, medan vi i høg-mellomalderen finn heile sjangrar som er innlånte og berre lite grann tilpassa heimleg tradisjon. Dei kom inn i høg-mellomalderen pga. den store utvekslinga av tekstar i den perioden.

Utviklinga Males er kritisk til, er ein konsekvens av dreining av fokus frå den heimlege til den innlånte komponenten. Samtidig er dei ei dreining

av fokus frå tidleg og munnleg til seint og skriftleg. Denne fokusdreininga begynte tidleg på 1900-talet med kjeldekritikken i historiefaget (Weibull 1911, osb.), som etter kvart gjorde at ein forkasta mesteparten av den norrøne litteraturen som kjelde til hendingar før 1100. I religions- og kulturhistorie vraka ein kjeldeverdien til fornaldersogene, dernest resten av sogene (t.d. Sigurður Nordal 1940, Baetke 1951, Olsen 1966), og somme vraka Adam av Bremen (Janson 1998). Seint nedskriven folketradisjon som supplement til religionshistorisk drøfting, forsvann ut frå 1930–1940-talet av (de Vries 1931). Alt dette (sjølv om mykje av det er korrigert frå 1980-talet og framover) pressa studiet av norrøn litteratur i retning av tida handskriftene oppstod i. Ønsket i etterkrigstida om å hevde det motsette av det nazistane hadde gjort, forsterka denne trenden, men var ikkje kjernen, meiner eg. Resultatet var i alle fall den kulturen Males er oppgjeven over: haldninga at heile det norrøne korpuset kan og bør forklarast ut frå høgmedialderen.

Dreinga mot tida handskriftene våre oppstod i, var òg ei fokusdreining i retning den felleseuropeiske skriftkulturen, og dermed ei dreining av forskarblikket i retning Kontinentet og Dei britiske øyane. Med andre ord: Norrønfilologien vart ståande med ryggen mot Fennoskandia. Som følge av dét, vart det lite kunnskap blant norrønfilologar om dei kulturane skandinavane hadde kontakt med i nord og nordaust i gammal tid. Unntak finst, som Else Mundal (t.d. 1996, 2000). Men dei fleste som har kopla dei norrøne tekstane ditover, som Ulf Drobin og Marja-Liisa Keinänen (2001), Joonas Ahola (t.d. 2000), Frog (t.d. 2019), Maths Bertell (2003), Kristel Zilmer (2005) og Tatjana Jackson (t.d. 1994), har hatt det faglege tyngdepunktet sitt i andre fag: folkloristikk, religionsvitenskap, runologi, historie, m.m.

Dette kan forklare at Males ikkje tek desse kulturane med i reknestykket når han ser etter kontaktflater og vandringsveggar i vikingtida, endå kontakten via Finskebukta var intens i den perioden. Han har innsett at *Hávamål*-strofene om Odin i treet neppe er dikta på 1100-talet for det om dei minner om "korsfästelsemotivet" (s. 176), slik han meinte i 2013. Men han har ikkje innsett at vi bør dra inn den finsk-ugriske bakgrunnen (Olrik 1910, Drobin og Keinänen 2001) om vi skal forstå *reginnaglar* i *Soga om øyrbyggane* og *Glælognskvida*, som han òg drøftar i 2013-artikkelen.

For ein del tiår sidan var det sjølv sagt å ta med den finsk-ugriske bakgrunnen når *reginnaglar* vart drøfta. At det er mykje å hente hos nabofolka i aust for den som forskar på norrøn mytologi og eddadiktinga, er tvillaust. Sjå t.d. Løftingsmo 1990 og titlane ovanfor. Men når norrønfilologien står med blikket sør- og sørvestover, så gjer det at nesten alle i faget berre ser dit etter kontaktveggar. Orienteringa den vegen, forklarar nok òg mykje av den

sterke tendensen til å meine at alle motiv i norrøne tekstar som *kan* vera lån, er lån, nemleg derifrå.

Denne tankegangen er uvanleg klår i Lassen 2011, jf. Heide 2012a. Eit anna godt døme finn vi i ei avhandling av Beatrice La Farge, som kan illustrere korleis vi kan unngå denne fella. La Farge ville undersøke latinsk-kristen påverknad på germanske sjelsførestillingar. Mellom anna hevda ho at gamle germanske ord for 'pust' fekk ei tilleggstyding 'ånd', 'sjel', pga. kontakt med latin via kristendomen (La Farge 1991: 39, 395). Dette gjeld ord som gammalengelsk *gast*, mellomhøgtysk *ātem* og norrønt *andi*, som kan jamførast med latin *spiritus* m.m.

Det er lett å tenkje at La Farge har rett, for det er ingen tvil om at latin påverka dei germanske språka, og dobbeltydinga 'pust' og 'ånd, sjel' i desse orda, er jo fyrst heimla på latin, ikkje sant? Kan slik dobbeltyding likevel vera utvikla uavhengig i germansk, før kontakten med latin, og er det mogeleg å finne ut om det har skjedd på eine eller andre måten? Ja. La Farge burde ha undersøkt om det er vanleg i språk som ikkje er påverka av latin, at ord for 'pust' òg tyder 'ånd, sjel'. Det er det. Denne dobbeltydinga finn vi i språk over heile verda: i aust-asiatiske språk, i urfolksspråk i Australia og Amerika, osb.

Bakgrunnen, både i latin og dei andre språka, er at vi pustar så lenge vi lever, og når vi dør, så sluttar vi å puste. Derfor er det veldig naturleg å få ideen at pusten representerer noko slag eterisk livsprinsipp. Dette ser ut til å vera ein nesten universell menneskeleg idé, og då er det ingen grunn til å tru at akkurat germanske språk lånte han frå latin med kristendomen. At dette i vår del av verda fyrst er heimla i latin og generelt langt sør, er ikkje noko å leggja vekt på. Også fjell og venskap er fyrst heimla i Middelhavs-landa og Midt-Austen, men er ikkje lån derifrå av den grunn.

Hadde La Farge undersøkt ord for pust og ånd i fleire språk, etter at ho formulerte teorien sin, så kunne vi sagt at ho brukte HDM – og ho ville avsanna teorien på den måten, får vi tru. Eller vi kunne sagt at teorien aldri hadde vorte meir enn ein arbeidshypotese dersom ho hadde teke eit større materiale med i vurderinga i utgangspunktet. For ein forskar i komparativ religion, ville materialet som teorien skulle utleiast av, vore sjelsførestillingar på tvers av mange kulturar. Men La Farge er norrønfilolog (og var medarbeidar på *Kommentar zu den Liedern der Edda*). Bommen kom altså av for snevert fagperspektiv.

Det er eit gammalt og mykje brukt resonnement at når vi finn eit motiv hos dei gamle germanarane som liknar noko i kristendomen eller generelt hos grannefolka i sør, så har dei lånt det derifrå. Eg tykkjer det er underleg

at dette resonnementet har overlevd til i dag. Kvifor trur vi at dette folkeslaget var så fantasilaust og usjølvtendig? Hadde dei gamle germanarane hatt brunsvart hud, brei nase og svart, krøllete hår, så ville alle sett kor problematisk resonnementet er. Det var slik vi i mellomkrigstida såg på samane og andre naturfolk nord og nordaust for germanarane, og denne synsmåten blir no rekna som rasistisk.

Arkeologane har ein type materiale som tidleg korrigererte oppfatninga at alt var lånt frå sør. I staden kunne dei observere mykje kontakt aust – vest, *i nord* (t.d. Olsen 1991). Dette er data vi som arbeider med norrøne tekstar bør ta til oss. Eit døme på at det blir gjort, er Anders Hultgårds gransking av tradisjonar som liknar det norrøne Ragnarok (Hultgård 2018). Han leitar ikkje etter likskap berre i kristne tekstar, men ser spørsmålet i større komparativt perspektiv, og kjem fram til at dei klåraste parallellane er å finne i iransk tradisjon. Dette nemner Males (s. 222), men ser ikkje ut til å ta det heilt inn over seg. I staden ser han nøye på mogelege kristne parallellar.

Høgt på banen går Males òg i dei mest nøyaktige dateringane, etter mitt syn. Ein grunn til det er at vi aldri kan datere meir enn delar av ein tekst. Sei at vi har gode kriterium for datering av eit dikt, i ei strofe her og der gjennom mykje av teksten, og at dei stemmer overeins tidsmessig. Likevel kan andre delar av diktet vera endra gjennom munnleg eller skriftleg tradering, etter at strofene vi daterer fekk si form. Eit ord kan vera endra, ei linje, ei strofe, eller sekvensar av strofer. Dette er eit grunnleggjande problem som Males ikkje tek opp, så vidt eg kan sjå. Preben Meulengracht Sørensen gjorde det (1991). Eitt av hans poeng var at vi bør skilja prinsipielt mellom datering av form og datering av innhald. Det at gudedikta ikkje presenterer seg innanfor ei kristen referanseramme, meinte han daterte dei til førkristen tid, sjølv om utformingane vi sit med, kan vera seinare. (Dette var før det omfattande arbeidet som no er gjort med datering ut frå metriske og språklege kriterium.)

Males vil kanskje svara (jf. s. 14 hos han) at framstega i datering viser at traderinga har vore mykje meir stabil enn mange har trudd. Det er ikkje lenger mogeleg å tru at eddadikta vart improviserte for kvar framføring, slik somme trudde ein periode, basert på sørslaviske folkeviser (Lord 1960).

Likevel er det neppe forsvarleg å gå ut frå at versjonane vi sit med i dag, ikkje er endra eller forvanska frå dei vart dikta. I visse tilfelle føreset Males òg endring (t.d. s. 209 ff.). Likevel kviler det gjennomgåande resonnementet hans på at dikta ikkje er endra i traderinga. Dette ser eg som eit veikkt punkt.

Kvifor er namnet på diktarane ein del av traderinga når det gjeld skaldedikt, men ikkje når det gjeld eddadikt? Det er rimeleg å tru at det var fordi edda-

dikta vart knytte til tradisjon (jf. Jørgensen 2021 om islendingssogene). Dermed er vi over på noko i retning av folkevisene som vi har i oppskrifter frå 1500-talet og framover, jf. at vi m.a. har versjonar av *Trymskvida* som slike folkeviser. Eg er i tvil om det er rett å knyte eddadikt til enkeltdiktatar, når tradisjonen ser ut til å ha oppfatta det annleis.

Males går ikkje inn på mulegheita at eddadikta kan ha hatt variasjon som folkevisene – endå han noterer seg variasjonen i *Voluspå*, som han meiner er nedskrive tre gonger uavhengig (s. 183). I folkevisene ser vi at det er stor variasjon, sjølv om dei ikkje vart improviserte eller nyskapte for kvar framføring.

”Den äldsta grenen av filologin är textkritiken, vars uppgift är att försöka komma så nära författarens ursprungliga text som möjligt”, seier Males (s. 25). Ja, det er målet i tekstkritikken. Men eddadikta i munnleg tradisjon kan ha oppstått i ein kollektiv prosess over ein periode, slik som folkevisene, heller enn å vera skapte éin gong av éin diktar.

Her vil eg òg pirke i at Males meiner eddadikta ikkje var folkedikting. Argumentet er at eddadikta vart brukte i eliten. Spørsmålet er om ikkje det poenget føreset eit anakronistisk syn på samfunnet. Etter alt å dømme budde både hovding eller konge, småbonde og træl ofte under same tak (i langhus). Dei dikta som kongen høyrde, høyrde trælen òg. Å hevde at folk i små kår ikkje kunne spela ei stor rolle i dikting, er elitistisk. Det er mange døme på at folkedikting er på elitenivå, t.d. i den finsk-karelske tradisjonen med Kalevala-versemål. Krigar-eliten måtte ha hange i for å dikte strofe-millionane åleine.

Den kulturelle avstanden mellom samfunnsskassane var i mangt liten langt frami tida. Hos Asbjørnsen og Moe ser vi at folkeeventyra vart fortalde både i fallelferdige husmannsstover og hos godseigarar (t.d. Asbjørnsen 1870: 26 ff., 37 ff.). At vi har runepinnar med eddastrofer i norsk målform (Liestøl 1963: 36–51, Meulengracht Sørensen 1991: 219–220), tyder på breiare tradering enn Males føreset. Og namnet *dróttkvætt* uttrykker at ein i høg-mellomalderen såg andre versemalet som mindre knytte til hirda enn dette. Det kjem av *dróttkvæðr hátttr*, ‘versemål som høver for hirda’.

6. Avslutning

Males er ein talsmann for ”holistisk [...] filologisk [...] kompetens”, fordi berre det set forskarane i stand til å ”förstå och kontekstualisera äldre texter”

(s. 32). Det eg seier i 5.2., inneber at heller ikkje Males har brei nok kunnskap. Ingen kan nok. Ein del av svaret må då vera meir samarbeid mellom folk med utfyllande kompetanse. Men skal det bli noko av, må vi fyrst sjå behovet for den andre kunnskapen. Dreininga av det norrønfilologiske blikket mot skrivestovene i høgmellomalderen og mot sør og sørvest, har skapt blindsonar som gjer at store kunnskapsmanglar ikkje blir lagde merke til.

Blir ein fyrst merksam på problemet, så blir det no lettare å bøte på det for kvar dag som går, pga. kunstig intelligens. *Kommentar*-forfattarane var ei gruppe. Dei burde enkelt kunna samle den komplementære kunnskapen som var nødvendig.

Kva fokus norrønfilologien har, er òg eit fagstrategisk spørsmål. Ute i samfunnet er det, og vil det alltid vera, mykje større interesse for norrøn litteratur som kjelde til vikingtida og førkristen religion, enn som kjelde til skriftkulturen i høgmellomalderen. Dei seinare tiåra har norrønfilologien mista mange stillingar, til liks med andre historisk orienterte disiplinar. Det skjedde i den perioden då orienteringa mot den delen av faget som har minst appell ute i samfunnet, var sterkast. Hadde faget halde fast ved dei elementa som har større appell, ville vi høgst sannsynleg mista færre stillingar. Denne sida av saka vart neppe vurdert av dei som dreidde faget i retning skriftkulturen i høgmellomalderen.

Samtidig er det slik at dess færre stillingar vi har i faget, dess meir vil det hindre endring. Slik det er i dag, vil den som går imot det etablerte, lett kunne straffast, slik at fleire blir "motiverte" til å halde seg på den opptrakka stien. Males kunne ikkje skrive denne boka om han ikkje sat i ei trygg professorstilling. Det at det er mykje høgare under taket i arkeologien, har heilt sikkert samband med at det er kanskje 100 gonger fleire stillingar der. (Den som har fått nøkkelpersonar mot seg, har mange alternative miljø å søke seg til.) Likevel: Dess færre stillingar vi har, dess viktigare er det å motverke slike mekanismar.

Eg er sikker på at Males og hans allierte jamt over representerer den mest solide forskinga i dag når det gjeld dateringa av skalde- og eddadikt, og mykje av det dei elles seier om denne diktinga.

Men korleis kan haldningar og arbeidsmåtar endrast? Som Males, har eg inntrykk av at dei ulike leirane i liten grad les kvarandre. I mange tilfelle kan det rett nok koma av dårleg tid. I tolkinga av *Ragnarsdråpa* ville Males t.d. hatt nytte av det eg i 2006 skreiv om *seiðr* og *Jormungandr* som snøre, noko som er snodd. Det har han tydelegvis ikkje lese, men eg trur det er på grunn av dårleg tid, ikkje vond vilje.

Må forskarar forsvinne ved naturleg avgang før nye synspunkt og arbeids-

måtar kan vinne fram? Eller går det an å få folk til å skifte meining? Males ser ut til å ha tru på det siste, og han har jo sjølv skifta meining om sentrale tema han skriv om i boka. Eg er meir i tvil, etter det eg har sett i faget gjennom over 30 år.

Det mest interessante med det Males skriv, er kanskje ikkje det han skriv, men at han no har eit heilt forskingsmiljø i ryggen, med sterke, etablerte forskarar på fleire solide institusjonar, og yngre forskarar rundt seg. *Det* vil kunne endre haldningane til mål og metode i forskinga i store delar av norrønfilologien i åra framover. Den som lever, får sjå.

Nemnd litteratur

- Ahola, Joonas, 2000: *Two Heroes of Nordic Epics: Kaukomieli and Grettir the Strong*. Master's thesis, University of Helsinki.
- Asbjørnsen, P. Chr., 1870: *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn*. Tredje Udgave. Christiania: Steensballe.
- Baetke, Walter, 1951: *Christliches Lebngut in der Sagareligion. Das Svoldr-Problem. Zwei Beiträge zur Sagakritik*. Berichte über die Verhandlungen der sächsischen Akademie der Wissenschaften zu Leipzig. Philologisch-historische Klasse. Berlin.
- Bertell, Maths, 2003: *Tor och den nordiska åskan. Föreställningar kring världsaxeln*. Doktoravhandling, Stockholms universitet. Stockholm: Stockholms universitet.
- Calissendorff, Karin, 1964: Helgö. *Namn och bygd* 52, s. 105–152.
- Drobin, Ulf og Marja-Liisa Keinänen, 2001: Frey, Veraldin olmai och Sampo. I: Michael Stausberg (red.): *Kontinuitäten und Brüche in der Religionsgeschichte. Festschrift für Anders Hultgård zu seinem 65. Geburtstag am 23.12.2001*, s. 136–169. (Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 31.) Berlin: de Gruyter.
- Düwel, Klaus, 1985: *Das Opferfest von Lade. Quellenkritische Untersuchungen zur germanischen Religionsgeschichte*. Wiener Arbeiten zur germanischen Altertumskunde und Philologie 27. Rev. 1. del av avh. (Dr. habil.) 1971, opphavleg tittel *Das Opferfest von Lade und die Geschichte von Völsi. Quellenkritische Untersuchungen zur germanischen Religionsgeschichte*. Wien: Karl M. Halosar.
- Eyrbyggja saga*, 1935. Íslensk fornrit 4. Matthías Þórðarson og Einar Ól. Sveinsson gáfu út. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.
- Frog, 2019: Symbolic Transfer, Hybridization and Creolization in the Circum-Baltic Arena (illustrated through the Changing Roles of *Tiwaz, *Ilma, and Óðinn, the Fishing Adventure of the Thunder-God, and a Finno-Karelian Creolization of North Germanic Religion). I: Maths Bertell, Frog & Kendra Willson (red.): *Contacts and Networks in the Baltic Sea Region: Austmarr as a Northern mare nostrum, ca. 500–1500 AD*, s. 263–288. Amsterdam: Amsterdam University Press.

- Grundtvig, Svend og Axel Olrik, 1853–1865: *Danmarks gamle folkeviser*. 11 band. København: Selskabet til den danske Literaturs Fremme / Wroblewskis Boghandel / Gyldendal / Schultz Universitets-Jubilæets danske Fond.
- Heide, Eldar, 2006: *Gand, seid og åndevind*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- , 2008: Viking, week, and Widsith. A reply to Harald Bjorvand. *Arkiv för Nordisk Filologi* 123, s. 23–28.
- , 2012a: Å konkludere etter å ha vurdert *eitt* alternativ. Annette Lassen 2011: *Odin på kristent pergament. En teksthistorisk studie*. København: Museum Tusulanums Forlag, 447 sider, ISBN 978 87 635 2616 6. *Collegium Medievale* 24, s. 193–198.
- , 2012b: Loki, the Vätte and the Ash Lad. A Study Combining Old Scandinavian and Late Material. *Viking and Medieval Scandinavia* 2011, s. 63–106.
- , 2015: Håja, hai og keip. *Namn og nemne* 32, s. 123–124.
- , 2025: *Pre-christian borge: passages through barriers*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Hirsch, Eric Donald, 1967: *Validity in Interpretation*. New Haven, Connecticut: Yale University Press.
- Holm, Gösta, 1991: *De nordiska anger-namnen*. (Skrifter, Det Norske videnskapsakademi, 2 Hist.-filos. klasse. Ny serie 18.) Lund: Lund University Press.
- Hultgård, Anders, 2018: *Midgård brinner. Ragnarök i religionshistorisk belysning*. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 146.) Uppsala: Gustaf Adolfs Akademien.
- Ingstad, Helge, 1965: *Vesterveg til Vinland. Oppdagelsen av norrøne boplasser i Nord-Amerika*. Oslo.
- Jackson, Tatjana N., 1994: Russian-Norwegian Relations in the Middle of the 13th Century as Depicted by Hákonar saga gamla Hákonarsonar. I: *Samtíðarsögur / The Contemporary Sagas. Niunda alþjóðlega fornsagnapingið / The Ninth International Saga Conference Akureyri 31.7.–6.8. 1994. Forprent / Preprints*, s. 357–364. Akureyri.
- Janson, Henrik, 1998: *Templum nobilissimum. Adam av Bremen, Uppsalatemplet och konfliktlinjerna i Europa kring år 1075*. (Avhandlingar från Historiska institutionen i Göteborg 21.) Doktoravhandling, Göteborgs universitet.
- Jørgensen, Jon Gunnar, 2021: Saga og forfatterskap. I: Marianne Kalinke og Kirsten Wolf (red.): *An Icelandic Literary Florilegium. A Festschrift in Honor of Úlfar Bragason*. (Islandica 62.) Ithaca, New York: Cornell University Press.
- Kaliff, Anders og Julia Mattes, 2017: *Tempel och kulthus i det forna Skandinavien. Myter och arkeologiska fakta*. Stockholm: Carlsson.
- Krohn, Kaarle og Julius Krohn, 1926: *Die folkloristische Arbeitsmethode. Begründet von Julius Krohn und weitergeführt von nordischen Forschern*. (Institutet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, Skrifter 5. erlåutert von Kaarle Krohn.) Oslo: Aschehoug.
- Kuhn, Hans, 1983: *Das Dróttkvætt*. Heidelberg: Carl Winter.
- La Farge, Beatrice, 1991: *„Leben“ und „Seele“ in den altgermanischen Sprachen. Studien*

- zum Einfluss christlich-lateinischer Vorstellungen auf die Volkssprachen. (Skandinavistische Arbeiten 11.) Doktoravhandling, Universität Frankfurt, 1990. Heidelberg: Carl Winter.
- Lassen, Annette, 2011: *Odin på kristent pergament. En teksthistorisk studie*. København: Museum Tusculanum.
- Liestøl, Aslak, 1963: Runer frå Bryggen. *Viking*, s. 5–55.
- Lindblad, Gustaf, 1977: Centrala eddaproblem i 1970-talets forskningsläge. *Scripta Islandica* 28, s. 3–26.
- , 1980: Poetiska Eddans förhistoria och skrivskicket i Codex regius. *Arkiv för Nordisk Filologi* 95, s. 142–167.
- Ljungqvist, Fredrik Charpentier, 2018: Hedniskt motstånd i Svealand under sent 1000-tal. *Historisk tidskrift* 138:2, s. 197–226.
- Lord, Albert Bates, 1960: *The singer of tales*. Harvard studies in comparative literature. Albert B. Lord. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Løftingsmo, Arnt, 1990: *Edda i aust. Gudediktinga i lys av kvitsjøhandelen og det eurasiske verdsbildet*. Oslo: Solum.
- Lönnroth, Lars, 2008: Kristendom, hämnd och försoning i Njals saga. I: Anders Björnson og Bengt Wadensjö (red.): *Det ansvarsfulla uppdraget: En vänbok till Mats Svegfors den 23 augusti 2008*, s. 229–237. Stockholm: Hjalmarson & Högberg.
- Males, Michael, 2013: Allegory in Old Norse Secular Literature: Theoretical and Methodological Challenges. *Viking and Medieval Scandinavia* 9, s. 99–132.
- Meulengracht Sørensen, Preben, 1986: Thor's Fishing Expedition. I: Gro Steinsland (red.): *Words and Objects. Towards a Dialogue Between Archaeology and History of Religion*, s. 257–278. Oslo: Norwegian University Press.
- , 1991: Om eddadigtenes alder. I: Gro Steinsland m. fl. (red.): *Nordisk bedendom. Et symposium*, s. 217–228. Odense: Odense Universitetsforlag.
- , 1995: *Fortælling og ære. Studier i islændingesagaerne*. Doktoravhandling, Aarhus Universitet, 1992. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mundal, Else, 1974: *Fylgjemotiva i norrøn litteratur*. (Skrifter fra instituttene for nordisk språk og litteratur ved Universitetene i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø 5.) Oslo: Universitetsforlaget.
- , 1996: The Perception of the Saamis and their religion in Old Norse sources. I: Juha Pentikäinen (red.): *Shamanism and Northern Ecology*, s. 97–116. (Religion and society 36.) Berlin: Mouton de Gruyter.
- , 2000: Coexistence of Saami and Norse culture – reflected in and interpreted by Old Norse myths. I: Geraldine Barnes & Margaret Clunies Ross (red.): *Old Norse Myths, Literature and Society. Proceedings of the 11th International Saga Conference 2–7 July 2000, University of Sydney*, s. 346–355. Sydney: Centre for Medieval Studies.
- Müllenhoff, Karl, 1891: *Deutsche Altertumskunde* V. Berlin: Weidmannsche Buchhandlung.
- Olrik, Axel, 1910: Irminsul og gudestøtter. *Maal og Minne*, s. 1–9.

- Olsen, Bjørnar, 1991: Kjelmøyfunnenes (virknings)historie og arkeologi. *Viking* 54, s. 65–87.
- Olsen, Olaf, 1966: Hørg, hov og kirke. Historiske og arkæologiske vikingetidsstudier. *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie* 1965.
- Ordbog over det norrøne prosasprog. <<https://onp.ku.dk/onp/onp.php>>. Institut for Nordiske Studier og Sprogvidenskab, Københavns Universitet.
- Perkins, Richard, 1984–1985: Rowing chants and the origin of *dróttkvæðr hátttr*. *Saga-book of the Viking Society for Northern Research* 21, s. 155–221.
- Popper, Karl, 1994 [1934]: *Logik der Forschung*. Tübingen: Mohr Siebeck.
- , 2007: Bøtten og lyskasteren: To kunnskapsteorier. *Kritisk tekning. Utvalgte essay*, s. 53–71. Omsett frå The Bucket and the Searchlight: Two Theories of Knowledge, appendiks i K. R. Popper: *Objective Knowledge*, Oxford, 1974. Utvalg og oversettelse ved Jan M. Døderlein. Oslo: Pax.
- Ralph, Bo, 2007: Gåtan som lösning. Ett bidrag till förståelsen av Rökstenens run-inskrift. *Maal og Minne*, s. 133–157.
- Rostvik, Allan, 1967: *Har och barg*. (Studier till en svensk ortnamnsatlas 11.) Uppsala: Almqvist & Wiksell.
- Schjødt, Jens Peter, 2000: Forskelle i anvendelsen af islændingesagaer og fornaldarsagaer som religionshistoriske kilder. *Artikler udgivet i anledning af Preben Meulengracht Sørensen's 60 års fødselsdag 1. marts 2000*, s. 34–46. Århus: Norrønt Forum.
- Sievers, Eduard, 1893: *Altgermanische Metrik*. Halle: Niemeyer.
- Sigurður Nordal, 1940: *Hrafnkatla*. (Studia Islandica 7.) Reykjavik.
- Steinsland, Gro, 2000: *Den hellige kongen. Om religion og herskermakt fra vikingtid til middelalder*. Oslo: Pax.
- Strömbäck, Dag, 1935: *Sejd. Textstudier i nordisk religionshistoria*. (Nordiska texter och undersökningar 5.) Stockholm: Geber.
- Sundqvist, Olof, 2016: *An Arena for Higher Powers*. (Studies in the history of religions 150.) Leiden: Brill.
- Sävborg, Daniel, 2014: Konfliktlösning och religion i *Njáls saga*. *Gripla* 25, s. 251–257.
- Thompson, Stith, 1932–1936: *Motif-Index of Folk-Literature: A Classification of Narrative Elements in Folk-Tales, Ballads, Myths, Fables, Mediaeval Romances, Exempla, Fabliaux, Jest-Books, and Local Legends*. Helsinki / Bloomington, Ind.: Suomalainen Tiedeakatemia / Indiana University Press.
- Torgilstveit, Terje, 2007: Historisk presens på norrønt. *Maal og Minne*, s. 29–50.
- Vries, Jan de, 1931: *Contributions to the study of Othin especially in his relation to agricultural practices in modern popular lore*. (FF Communications 94.) Helsinki: Suomalainen tiedeakatemia.
- Weibull, Lauritz, 1911: *Kritiska undersökningar i Nordens historia omkring år 1000*. Lund: Lybecker.
- Zilmer, Kristel, 2005: ‘He drowned in Holmr’s Sea – his cargo-ship drifted to the sea-bottom, only three came out alive’. *Records and representations of Baltic traffic in the*

Viking Age and the early Middle Ages in early Nordic sources. (Nordistica Tartuensia 12.) Doktoravhandling, Tartu Universitet. Tartu: Tartu University Press.
Aarne, Antti, 1910: *Verzeichnis der Märchentypen.* (FF communications 3.) Helsinki: Suomalainen Tiedeakatemia.

Eldar Heide

Høgskulen på Vestlandet

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

ORCID iD 0000-0002-8107-9843

